

Håpar på meir gull for fiskepuddingen

15.01.2014



Marit med gullmedaljen - kan det verta fleire?

2013 vart året då Uskedalens solide sjømatbedrift Brødrene Hjørnevang endeleg fekk gullmedalje i NM - for fiskepuddingen. Dagleg leiar Marit Hjørnevang håpar på meir gull for dette tradisjonsrike produktet som er i tråd med bestefarens oppskrift. Det kan imidlertid fyrst skje neste år ettersom det ikkje er nokon ny meisterskap før.

**Men no er det i alle fall slått fast at Marit fekk rett då ho skreiv i heimesida at
VI SYNES SJØLV AT VI LAGER LANDET SIN BESTE SJØMAT**

Marit er naturleg nok fornøgd med fjoråret. Omsetnaden er svært stabil og enda på rundt rekna 32 millionar.

Hjørnevang har som før heile landet som marknad med hovudvekt på Vestlandet frå Haugesund til Bergen. Arbeidsstokken er også stabil med 12 tilsette supplert med 2-3 ekstra i feriane. 4 av dei faste er polakkar og leiinga strekar under at dei er god arbeidskraft med ein solid fagleg bakgrunn. 2 av polakkane bur i Uskedalen og 2 i Herøysund.

Dette året vil Hjørnevåg auke staben med ein i produksjon og ein i administrasjon. Det har mellom anna sin bakgrunn i auka leveransar, ikkje minst ein nyleg inngått kontrakt med REMA om leveranse av ferskprodusert fisk av ymse slag til Hordalandmarkedet. Leiinga håpar det ligg gode framtidsutsikter i kontrakten.

Hjørnevåg legg stor vekt på marknadsføringa og har eit relativt høgt sponsorbudsjett. I fjor satsa dei ein betydeleg sum på sjømatservering under Festidalen og har i fleire år vore med og sponsa eit sildebord i Haugesund. Det er førebels ikkje avgjort om det vert sponsing også av årets Festidalen.

Marit Hjørnevåg skriv i heimesida at ferske råvarer, lang erfaring og ukuelig yrkesstoltheit er verdas beste utgangspunkt. Ein kan utan tvil leggja til at dei 3 faktorane sikrar suksess for Hjørnevåg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen